



Samarbeidsavtale mellom Voss herad og Voss Frivilligsentral 2023-2027

1. Bakgrunn

Voss Frivilligsentral (heretter VFS) er ei foreining som er finansiert med årlege tilskot frå kulturdepartementet og Voss herad. I 2022 vedtok Kulturdepartementet ei ny forskrift om tilskot der frivilligsentralane skal ha ei meir tydeleg rolle som bindeledd mellom kommune og frivilligsektor. Felles visjon for frivilligsentralane er å skapa trygge, aktive og inkluderande nærmiljø som folk er stolte av og trivest med.

2. Føremål

Saman skal me:

- skapa eit godt frivillig miljø og leggja til rette for gode aktivitetstilbod for innbyggjarane, som et supplement til heradet sine tenester.
- leggja til rette for lokale møteplassar som knyt enkeltmenneske og frivillige saman.
- jobba for å få med fleire frivillige og leggja til rette for samhandling mellom lag og foreiningar.
- Hjelpa frivilligeita med kompetanseutvikling, råd og skapa engasjement.

3. Samhandling

For å sikra informasjonsflyt, god kommunikasjon og godt samarbeid skal partane møtast jamleg.

3.1 Saman skal me:

- syrgja for gjensidig dialog med utveksling av informasjon, det er ynskjeleg med ein fast kontaktperson.
- gjera samarbeidet kjent, både internt og eksternt.
- syrgja for å halda kvarandre oppdatert på relevante saker undervegs.
- I tillegg til jamlege samarbeidsmøte skal det kallast inn til to årlege møter:
 - o September, arbeidsmøte der ein legg planar for komande skuleår. Ansvarleg: VFS.
 - o Januar, statusmøte. Ansvarleg: Voss herad.
- Kartlegga eventuelle nye samfunnsutfordringar og område for vidare samarbeid og utvikla tilbod i tråd med behovet i samfunnet.
- koordinera og motivera til auka frivillig innsats for enkeltmenneske og organisasjonar.

3.2. Voss herad skal:

- vera eit koordinerande ledd mot andre kommunale tenester og verksemdar.
- gje innspel til aktivitetar og tenester som kan gjennomførast i frivillig regi.



- Voss herad skal løyva driftsstøtte til VFS kvart år under føresetnad av årleg godkjenning frå Kulturdepartementet og at vilkåra i samarbeidsavtalen er oppfylt. Eventuelle ekstra løyvingar vert vedteke av heradsstyret.
- bidra med ein politisk valt styrerepresentant med personleg vararepresentant til styret i VFS.

3.3 Voss Frivilligsentral skal:

- vera eit bindeledd mellom heradet og dei frivillige, og for dei som ynskjer ta i mot frivillig hjelp i Voss herad.
- kjenna heradet sine tenester , innbyggjarane sine behov og moglegheitsrommet til frivilligheita.
- leggja til rette for god samhandling med lag og foreiningar, det offentlege og næringslivet.
- arbeida målretta for å auka den frivillige innsatsen i heradet.
- Ikkje driva konkurrerande verksemd innan frivillig arbeid
- Levera årsrapport og årsrekneskap til Voss herad innan fyrste kvartal kvart år.

4. Avtaleperiode og revidering av samarbeidsavtalen

Avtaleperiode er 01.12.23 – 01.12.27.

Revidering av samarbeidsavtalen skjer årleg i januar på statusmøte og skal godkjennast av begge partar før eventuelle endringar trer i kraft. Dersom ein av partane vil avslutta samarbeidsavtalen må dette skje med minimum 6 månaders skriftleg varsel.

Voss, den

06/12-23

Voss herad
Kommunalsjef for kultur og fritid
Trude Storheim

Voss Frivilligsentral
Dagleg leiar
Pernille O. Mustad